


Sentraladministrasjonen

Dato : 03.09.2004
Vår ref. : 2004001315-3/H06 /
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Anne Grete Bakkene
Telefon : 61 21 61 23
Telefaks : 61 21 61 01



Nord-Fron
kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Hovedkontor
Postboks 2014
3103 TØNSBERG

Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E-post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
7855 05 05168

04/3791-13
330

**UTREDNING OM FORENKLING OG EFFEKTIVISERING AV
NØDMELDETJENESTEN - UTTALE FRÅ NORD-FRON KOMMUNE**

Viser til brev frå DSB av 02.07.2004.

Vedlagt følger uttale til utgreiinga frå Nord-Fron kommune.

Med helsing

Anne G. Bakkene
Anne Grete Bakkene
kontorsjef

Vedlegg.

Kopi: Kommunelege 1
Ringebu kommune – Sør-Fron kommune



Dok. ref.

2004001315-2/H06 //AGB

Dato:

30.08.2004

Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Notat om:

UTTALE FRÅ NORD-FRON KOMMUNE VEDR. UTGREIING OM FORENKLING OG EFFEKTIVISERING AV NØDMELDETESTENESTA

Telefaks
61 21 61 00

Rapporten har vurdert moglegheit for å forenkle og effektivisere den norske nødmeldetenesta og samstundes vurdert forbetringar for pulikum. Rapporten tilrår at 112 blir innført som einaste nødnummer i Noreg og med ei organisering som inneber ei felles handtering av nødandrop / felles nødmeldedesentralar. Det blir tilrådd ein reduksjon i talet på nødmeldesentralar frå 91 sentralar i dag til 10 (må sjåast i saman heng med tilråding om etablering av felles nødmeldesentralar) på sikt.

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Nord-Fron kommune sine vurderingar til utgreiinga frå Justis- og politidepartementet :

Bankgiro skatt
7855 05 05168

Nord-Fron kommune meiner at det for publikum vil vere enklare å forhalde seg til eitt nødnummer enn tre nødnummer som vi har i dag. Når ulykka fyrst skjer må hjelp tilkallast raskt og eitt nødnummer vil vere lett å hugse.

Det springande punkt er om ein skal ha ei stor koordinerande fageining som i Danmark / Finland eller eitt mottak som så fordeler nødmeldingar til dei tre relevante spesialområda som i Storbritannia.

Argumentasjonen for samordning mellom brann/politi/helse er relevant ved store ulykker og krisehendingar.

Sett frå eit beredskapssyn vil det vere ein fordel med felles nødmeldesentralar fordi dette gir gode moglegheiter for å koordinere innsatsen frå **eitt knutepunkt**. Jfr. utgreiinga er ei av dei største utfordringane i dagens nødmeldeteneste mangelfull samordning mellom dei tre nødetatane ved nødsituasjonar som involverer meir enn ein nødetat (ikkje etablert standardiserte rutiner eller verkøy for samordninga, og det har vore tekniske vanskar som ikkje har gjort dette fullgodt).


På den andre sida er det få store ulykker og krisehendingar i forhold til "normale" henvendelsar om t.d. akutt sjukdom i bygde-norge. Heile utgreiinga fokuserer primært på dei store og sjeldne tilfella, men tek mindre omsyn til service for befolkninga ved vanlege ulykker og skader.

Når det gjeld utfordringa med å få redusert talet på feiloppringningar så meiner vi at innføring av nye "servicetelefoner" med kortnummer vil ha begrensa effekt. At så mange som 2/3 av alle henvendelsar til nødmeldesentralane i dag er feil kan også vere eit argument for å velje eit mottak for koordinering til nødmeldesentralane som i Storbritannia.

Nord-Fron kommune meiner følgjande moment er viktige i samband med forenkling og effektivisering av tenesta:

- Nord-Fron kommune støttar forslaget om å gå over til eitt nødnummer, som resten av Norden og store delar av EU.
- Vi støttar forslaget om at heile eller delar av oppgåvene til nødmeldetenesta blir organisert som ei felles teneste for alle tre nødetatane. Dette bør sikre ei betre samordning av etatane og betre ressursutnytting på tvers av etatane. Val av løysing bør reflektere om nødmeldetenesta prinsipielt skal ha fokus på storulykker som krev stor koordinering eller dei meir daglege enkelthendingane.
- Nødmeldetenesta må uansett organisering ha nødoperatørar med tilstrekkeleg kompetanse til å gje rett rettleiing over telefon og til å kunne ta dei rette avgjerdene med omsyn på prioritering av ressursar.
- Rask respons er ein føresetnad ved einkvar ulykke eller nødsituasjon for å kunne yte effektiv hjelp.
- Det må gjennomførast tiltak for å minske feilanrop.

Administrativ uttale – refererast i Nord-Fron formannskap


Arne Sandbu
adm.sjef


Anne Grete Bakkene

Kopi: Kommunelege 1
Ringebu kommune – Sør-Fron kommune